


Pressemelding

BJØRN SIGURD GLORVIGEN- DOVRESANGE



EM 106

Kvedaren Bjørn Sigurd Glorvigen frå Dovre slepper debutplata si «Dovresange» den 6. november på Riksscenen i Oslo. Plata inneheld folkemusikk frå heimstaden. Alt frå skillingsviser, salmer og ballader til bånsullar og springleikar kan ein finna på plata. Med på både plata og på seinare konsertar er Bjørn Kåre Odde på fele og Ådne Svalastog på trørgel. Konsertar med dei tre inneheld både arrangert folkemusikk og solo kveding. Folkemusikken og folkesongen står ikkje spesielt sterkt på Dovre i dag, og med denne plata håpar Glorvigen at dovingane kan få augo opp for denne

kulturarven og ta han med seg vidare inn i framtida. For han er denne kulturarven ein skatt. – Eg fann ikkje denne skatten før eg var vaksen og hadde flytt heimanfrå. Ofte er det vel slik at ein ikkje ser det som ligg rett framom augo sine. Å flytte ut tvingar ein til å finna ut kven ein er, kvar ein kjem frå og kva ein ynskjer å ta med seg vidare. Takka vere framsynte folk som Tor Wigenstad, som spelte inn ulike kjelder og skreiv ned folkesongar, kunne eg lære meg songar etter personar som ikkje lenger er i live. Eg har også vore så heldig og møtt fleire kjelder som lever i dag og lært songar direkte frå dei. Om dei som er med: Bjørn Sigurd Glorvigen er utdanna folkesongar frå Norges Musikkhøgskule, er A-klassing i kveding og har tidlegare sunge i visejazzbandet Østenfor Sol. Utanom soloprojektet sitt er han mellom anna med i gruppa TRI, som tonesett dikt av diktarar frå Gudbrandsdalen, og gruppa Tidligfolk som spelar tidlegmusikk og folkemusikk.

Dovresange

Ny CD 6.november 2015

Bjørn Kåre Odde er felespelemann ifrå Lom. Han er ein mykje brukt felespelar som er med fast i gruppene Lendmenn og Majorstuen. I 2014 var han «spelemannen på taket» på Det Norske Teateret si oppsetting og han har vore solist med Kringkastningsorkesteret og Det Norske Solistkor.

Ådne Svalastog er utdanna ved Noregs Musikkhøgskule innan kyrkjemusikk, men jobbar like gjerne med jazz og folkemusikk. Som frilansar har han akkompagnert mellom anna Trond Halstein Moe, Magne Fremmerlid, Sigmund Groven, Marianne Juvik Sæbø, Margrethe Fredheim, Carl Petter Oppsal og Tone Braathen. Han har også jobba saman med songaren Jon Hartug for den kulturelle spaserstokken i Fredrikstad 2014.

Sporliste:

1. Hainn Tostin
2. Skjerkinnsvisa(Den største dårlighet)
3. Heilagdagsvandring (Soksensvisa)
4. Bånsange (Ikoinn,Tommeltott, Abel Spendabel)
5. Fuggel`n/sporven sat på liudør
6. Påså-Tore
7. Grisilla og Riddeval
8. Springleik etter Pål E.Angard
9. Karileiken
10. Den femte sang: Nedfoer til Helvede, opstod tredie Dag fra de Døde
11. Jeg vet en hvile
12. Ragnhild Angard fortel
13. Bånsulle (Pisi I, Sullarkrakk, Mæ e va ein lit`n gut, Sullami lå, Pisi II)
14. Og e va bæle file ål
15. O hvor salig er i dog, i fromme
16. Tull tull Tove

Contact :

EMCD/ Etnisk Musikklubb, Masovngt. 18, 3616 Kongsberg, Norway info@emcd.no |
www.emcd.no |www.etniskmusikkclubb.no. To buy or to get a promo for review, send an email to
bestilling@etniskmusikkclubb.no or visit our webstore: <http://www.etniskmusikkclubb.no/Shop>
Press kontakt: info@emcd.no. Distributed by: Musikkoperatørene Tomas Linnes, eksport, mail:
tl@musikkoperatørene.no and for UK, Discovery Records: enquiries@discovery-records.com
Follow us at Face book: <https://www.facebook.com/pages/Etnisk-Musikkclubb>